

Utdanningsforbundet sin klubb på Grasdal skule
v/Anita Lillian Askeland
Grasdal skule
Ådlandsvegen 323
5918 Frekhaug

Grasdal skule 07.11.18

Til politikarane i Meland kommune

Innspel frå klubben på Grasdal om budsjettframlegget frå rådmannen for 2019.

Budsjettframlegg frå rådmannen vart lagt fram 01.11.18 og inneheld endringar som fører til store konsekvensar for skulesektoren både når det gjeld skulestruktur og økonomi. Det er foreslått store endringar i skulestrukturen som rammar i størst grad Vestbygd og Rossland skule. Dette vil også ramme Meland ungdomsskule som vil måtte ta i mot ei stor elevgruppe frå Rossland til tross for at ein ikkje har rom for det i det noverande skulebygget. Dette er foreslått løyst med modulbygg, noko som vi på Grasdal har hatt i ein kortare periode. Det er ikkje noko vi ser på som ein tenleg løysing over sikt. At fleire elevar i kommunen vil få lengre skuleveg og må bussast i større grad, er noko som vi også trur vil få negative følgjer. Vi stiller oss såleis bak synspunkta som kjem fram i brevet som er sendt frå Utdanningsforbundet Meland, v/Adolf Hovgaard.

Vi meiner at det også er ein del andre synspunkt som ikkje har kome godt nok fram i dette brevet. Vi på Grasdal er opptatt av at alle elevar i Meland kommune skal ha eit godt og likeverdig skuletilbod. Det er ikkje tenleg at dei ulike skulane blir satt opp mot kvarandre, men at vi kjempar ei sak saman for at barn og ungdom i vår kommune skal få det beste skuletilbodet som er mogleg innanfor dei økonomiske rammene som finst. Rektorane på kvar skule har nok gått gjennom budsjettet ganske nøye for å finne rom for innsparingar som kan gjerast utan at konsekvensane skal bli så store som dei som er skissert, men det er kanskje mogleg å sjå enno nærare på om det fins alternative løysingar.

For Grasdal skule ser det kanskje ikkje ut på papiret at vi får så stor endring som dei andre skulane, men vi vil likevel påpeike kva konsekvensar det føreslåtte kuttet på Grasdal vil få for oss.

For vår skule har ein i budsjettforslaget komen med desse innsparingstiltaka: Reduksjon av 50% lærarstilling (frå januar): redusert delingstimar BM/NN i grupper med lågt elevtal, kutt i andre lærartimar: TL-programmet, 30% lærarvikar engasjement og 30 % vakant assistentstilling. Frå august 2019 ligg det forslag om å kutte 2 kontaktlærarfunksjonar.

Grasdal skule er driven på ein effektiv måte når det gjeld drift; vi har låg nettokostnad per elev samanlikna med dei andre skulane i Meland, jmf. kostratal. Vestbygd skule har i budsjettforslaget fått ei ramme på 19 585 000 mot Grasdal skule som har ei ramme på 14 401 000. Neste skuleår er prognosen at det vil vere 169 elevar på Grasdal og 183 elevar på Vestbygd skule. Vi tenkjer at Vestbygd treng den ramma som er skissert, men uroar oss over at Grasdal ligg over 5 mill. lågare. Dette er ein betydeleg sum når ein samanliknar dei to skulane som har eit nokonlunde likt nivå når det gjeld elevtal og språkdeling på trinna (BM/NN).

I budsjettframlegget står det at vi skal gjere ei innsparing på 49 000 når vi samanliknar prisjustert budsjett for 2018 som er på 14 450 000 og framlegget for budsjett 2019 som er 14 401 000. Men dette talet er ikkje heilt reelt. Meirforbruket av fastløn (årsverknad stillingar frå august 2018) er på 522 000. Vårt nedtrekk blir då om lag 570 000. Vi veit at det i tillegg er prognose for meirforbruk på skysskostnader (politisk vedtak om farleg vegstrekning Litlebergen – Grasdal skule).

På Grasdalen har vi god lærartettleik og har sett at dette har vore ein stor styrke for trivsel og læringsmiljø for elevane våre. Vi skårar godt på trivsel under dei siste elevundersøkingane og har lågt tal på mobbesaker. Det er også færre enkeltvedtak ved skulen vår samanlikna med andre skular. Vi legg til rette for at elevane i størst mogleg grad skal få tilpassa undervisning innanfor den ordinære opplæringa, og det er eit krevjande lærararbeid. I Meland kommune er det eit mål om å få ned talet på enkeltvedtak. På bakgrunn av dette er vi uroa over forslaget om kutt i delingstimar, vikartimar og 2 kontaktlærarfunksjonar. Vi ligg som sagt svært lågt i driftskostnader samanlikna med dei andre tilsvarende skulane, og er redde for at vi ikkje kan gi elevane eit forsvarleg læringsutbytte med fleire kutt.

Vi håpar at dykk politikarar ser at dei skisserte kutta i budsjettet vil føre til uheldige og kanskje meir kostnadskrevjande konsekvensar på sikt. Ein stram økonomi er ein utfordrande situasjon og vi forstår at det er vanskeleg å prioritera. Likevel håpar vi på Grasdalen at de finn gode løysingar for å gi eit likeverdig opplæringstilbod for elevar i heile kommunen.

Med vennleg helsing
Utdanningsforbundet sin klubb på Grasdalen skule
v/ Anita Lillian Askeland